

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - Juni 2022 55. årg.



side 10



Sommarminne



side 4

Pilegrimsvandring

side 7



Grøn dag på Undheim

side 14



Misjonsprosjekt i Nepal

side 24

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang fra Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkja.noe-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon Tilm og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77

Assisterende kyrkjeveier: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeveier: Gunnar Bjorland Stone tlf. 406 01 079

Prosjektetar Ung i Time: Asle Steinbru tlf. 979 79 771

TimeHeimeside: timekyrkja.no/time-sokn

Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874

Musikalsk leiar: Frode Skårlund tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjeteren helg: Elen Fosse tlf. 981 89 102

Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198

Ungdomsarbeidar Lye: Martin Berge tlf. 958 35 364

Kyrkjeteren ved gravferd:

Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshusHeimeside: www.lyeforsamlingshus.no**Bryne**Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Odegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold tlf. 918 81 818

Administrasjonleiar: tlf. 51 77 03 77

Elisabeth Obrestad

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793

Kyrkjeteren helg: Arne Espvik tlf. 909 70 522

Kyrkjeteren helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825

Ungdomsprest Bryne/Nærø, tlf. 416 36 761

Aksel Johan Lund

UndheimHeimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028

Kyrkjeteren: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no

Bryne sokneråd bryne.soknerad@timekyrkja.no

Undheim sokneråd undheim.soknerad@timekyrkja.no

GRØN KYRKJE - Foto: privat

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskstad, Arnfinn Vigrestad, Gunnar Bjorland Stone og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 25. august

Tekst: Anna Bergitte Skårland



Arthur Løvik døde nylig, og etterlot seg gode spor hos mange Bryne-buer. Han var en klok mann. Jeg bet meg særlig merke i ett sitat under minnetalen i begravelsen hans. Jeg har fått lov av familien å sitere Arthur på dette:

«Vær 75% overbevist for da vet du hvor du står og skifter ikke mening som en værhane. Samtidig har du evnen til å lytte til andre, høre, ja, om nødvendig så har du evnen til å skifte mening. Er du 100% overbevist, da blir du umulig, da hører du kun på deg selv. Fanatismen er farlig og ødeleggende.»

Vi har lov til å undre oss. Vi har lov til å stille spørsmål. Jesus tålte disiplene sine mange spørsmål og han lot dem undre seg. Når vi våger å være interesserte og nysgjerrige på hva andre tenker og hvorfor, kan det også skape nysgjerrighet tilbake og dermed også spennende og gode samtaler.

La oss følge Arthur Løvik sitt eksempel, være 75% overbevist. La oss være ydmyke overfor hverandre, lytte til hverandre og respektere hverandre. La oss tåle hverandres ulikheter og ulike meninger. Elske hverandre. Og la oss leve sammen som søsken, med blikket festet på Jesus. Han er vår redningsmann. Han har ikke gjort seg avhengig av at vi må være 100% overbevist. Vi kan bare klamre oss fast til ham og han vil aldri slippe oss.

**MIN SALME**

Det finnes en dyrebar rose som aldri skal visne hen den trosser all frost på jorden og blomstrer igjen.

Den blomstret ved foten av Sinai for Moses, med flammende ild; den brennende busk var Guds løfter om frelse, da alt stod på spill.

Den blomstret i Betlehems vinter den blomstret i Nasarets vår den blomstrer som flammer i torner i Golgatas blødende sår.

Den blomstrer fremdeles i verden og dufter av sommer, til trøst for alle som bøyes av smerte i jordlivets nakne høst.

Å, brennende rose som blomstrer i kulde og smerte og savn! Å, hellige tegn på jorden! Guds kjærlighet er dens navn.

**Mine tanker om salmen**

For meg er ingen blomst i verden vakrere enn rosen. Ikke bare skyldes

det dens farger og dufter. Jeg tror det har vel så mye sammenheng med dens pålitelige blomstring hvert år, og at den spirer på tross av sine spisse torner. Det var kombinasjonen av en nydelig melodi og en vakker lyrisk tekst, som gjorde at jeg fikk øynene opp for denne salmen av Svein Ellingsen. Jeg har en stor forkjærighet for salmer som henter motiv og bildespråk fra bibelen. Rose-motivet er et slikt sterkt bilde på Guds kjærlighet. Og salmedikteren lar oss vente helt til det siste verset med å røpe

rosens egentlige navn. Også Hans Adolph Brorson synger om rosen i sin julesalme; «Den yndigste rose er funnet». Kjærligheten fra Gud er verken sentimental eller egosentrert. Den viser seg i konkrete kjærlighetshandlinger. Slik rosen vokser i mørkere landskap og blomstrer på torner, slik er Guds kjærlighet ofte skjult for verdens øyne, men likevel forunderlig nær. Vi ser kjærligheten gjennom troens øyne. Den erfarer sterkest i et landskap av «kulde og smerte og savn» (v. 5, Ellingsen) for «rosene vokser i dale» (v. 7, Brorson). Alle vi som selv har erfart denne Guds kjærlighet er kalt til å bringe videre dens «dufter av sommer» (v.4, Ellingsen).

Yngvar Nilsen



Illustrasjonsfoto



En ferie å glede seg til

Gi trygge ferieopplevelser til familieler som har det vanskelig

VIPPS en gave til **13130** (merket FERIE) gi på konto **3201 52 74165**



SOMMARMINNE

Evy Lygren

Dette barndomsminnet vert eg fortsatt rørt av når eg tenkjer på det. Eg vaks opp på gard. Ein sær varm sommardag var heile familien ute på enga og arbeidde med høyet. Det var på den marka der Ree/Svertingstad - parken nå er. Eg hugsa at eg var litt sur fordi eg var varm og mykje heller ville vera med Solveig, veninna mi, og bada. Humøret mitt kom seg litt då eg fekk ein pust i bakken og fekk sitja på den snille hesten vår, Dokka. Den var ein av tre hestar me hadde. Han var snill og roleg, me kunne til og med krypa under han utan at han "lea" på seg.

Etter ei tid såg me ei dame som kom bortover marka mot oss. Ho bar på noko, og presenterte seg som Marta, den nye naboen vår. Me hadde ennå ikkje rokke å helsa på henne og mannen, Gustav. Tenk, ho kom med ei mugge med ISKALD blåbærsaft. Og drikkeglas hadde ho også med. Og me som var så varme!!

Det gjekk ikkje lenge før Marta og Gustav Grønsund vart bedne heim til oss! Og dei vart i alle år både gode naboar og nære vener av familien vår. Eg hadde etter denne dagen svært god kontakt med dei så lenge dei levde.

Marta døydde kort tid etter ho fylte 90 år i 2012.

Gustav døydde i 1992.

Slik kunne eit glas iskald blåbærsaft bli eit minne for livet.



Marit Time

Mina var 12 og Oskar 9 år. Oskar sykla bare ein veg.



Mina, faster Marit og Oskar Time på sykkeltur.

Han ville gjerne sykla heim også, men lytta til råd fordi sykkelen hans eigentleg var litt for stor for han. Det vart mange pedal-kilometer for små føter.

Sykkelturen frå Lyefjell til Sola med desse to borna er eit godt sommarminne. Eg er faster til faren, men heile familien kallar meg faster. Tur / retur Lyefjell-Joa på Sola er ein god tur for små bein. Ungane fekk snopa på Jærhagen, og ved fint rundt bord på skule i Verdalen kosa me oss med nista. Det er så mykje godt og fint å oppleva og sjå frå sykkelstien ein sommardag. Og gildt å sjå at ungane viser glede over det dei ser: Åkrar som vaiar i vinden, dyr på beite, solsikker som smiler mot oss. Me hadde ein is-stopp




i Sola sentrum. Der oppdaga me eit steinkors på ei høgd ved Sola nye kirke. Det gjekk me opp og studerte nærmare. Me sykla totalt 65 kilometer den dagen.

Ja, ungane var så fornøgde med alt. "Dette må me gjera igjen", var konklusjonen. Tidlegare har eg hatt turar på same ruta med andre av grandtante- borna. Eg kosar meg veldig.

Liv Helene Håland

Visse ting set seg fast i minnet. Slik vart det med ei spesiell hending på Gann-turen 2013. Då var me mellom anna på Iona, ei lita øy som tilhører Skottland, i dei indre Hebridane. Her, på ei stille strand som heiter Martyrs Bay, vart me tekne tilbake til året 806. Då landa vikingar på denne stranda, og 68 munkar vart brutalt drepne på øya! Nokre år før, i året 793, angreip norske vikingar Lindisfarne på nordaustkysten av England. Men her, i Martyrs Bay i 2013, fekk me vera med på ei rørande og tankevekkande stund. Harald Olsen, ein av dei dyktige leiarane på turen, tok oss med på ei tilgjevingshandling. Han las ei tilgjevingsbøn, og mellom kvart ledd song me Kyrie eleison. Sterk oppleving på den stille, solfylte stranda på Iona!



Oskar ved steinkorset på Sola



Harald Olsen les tilgjevingsbøn på Iona

Et varmt bestemorshjerte er Danielas beste sommerminne

Daniela (Åse) Nimschová

Mine minner om sommerferie er klare. Et stort hus som smiler fra en liten gate. Ja, det har to smilende vindu ... En stor hage som dekorerer huset nesten fra alle sider. Hagen viser til alle som går forbi hvilken årstid det er nå. Ingen tviler. Naturen er feilfri. Som min bestemor, hennes hjerte, hennes hender og myke klem.



Jeg hører en hane. Den pleier å gale mange ganger, den har lyst å vekke meg. Ikke bestemor, hun er tålmodig. «Bare sov Danielka, du har sommerferie!» Jeg åpner øynene. Det ligger noe søtt og godt på nattbordet mitt. Bestemor er en superkvinne. Hun har allerede vært på butikken og tenkte på meg. Ferie-godteri er ett av hverdags-tegnene på kjærlighet.

Frokost står på bordet. Ferske grønnsaker fra hagen lukter på kjøkkenet. Bestemor åpner en skuffe. Plutselig holder hun et mykt brød med sprø skorpe. Hun tegner et korstegn med kniv på brødet. Holder brødet tett til brystet og skjærer skiver til meg. Det ser litt som hun spiller fiolin. Hun bruker en legendarisk kniv. Den er lang og godt brukt, med tre-håndtak.

Mens jeg spiser frokost, lager hun lunsj. Min dag har nettopp begynt, men hennes er på halvvei til slutt. Jeg vet ikke når hun våknet. Sikkert veldig tidlig. «Bestemors ark» full av griser, høner, hane, kalkuner, kaniner, ender og hund trengte frokost også.

Hagen venter på oss. Begge to drivhusene er stolte av sine megasaftige tomater og sprø paprika, og det er jeg av bestemor. Det er veldig varmt her, men vi smiler og plukker opp en deilig skatt. Nam!

Smilende hus har egne hemmeligheter. På loftet henger røykte pølser og bacon. Det er mørkt der, og jeg kan nå opp i taket. Det er litt skummelt der. Men jeg er ikke redd. Sommerfugler av frykt flyr i magen min når jeg går til kjelleren. Edderkopper elsker å bo hos bestemor, og de skriker «velkomme» i kjelleren. Jeg springer alltid fort inn. Der er bestemors fargerike utstilling. Nesten alle typer av grønnsaker og frukt ligger i glass og flasker. Senere kommer også esker med poteter og epler. Vi kan smake på sommer i løpet av vinteren. Det er lurt.

«Kom igjen!» skriker bestemor. Hun holder en øks. Det blir en deilig søndags-suppe! En hane synes ikke det samme. Bestemor er flink. Øksen slo bare en gang.

Hodet ligger på jorda. Hanen springer på gården og blodet spruter fra halsen ... Munnen min er åpen. Hun har lært meg at også myke hender kan være litt aggressive, og det er i orden. Hun er den beste og modige helten min.

Ferie hos bestemor har lært meg at sommer lukter som syltetøy, hakkete tomater, kirsebærssuft, pannekaker, men også som et grisehus og nettopp nylagte, varme egg i hønsehuset. Bestemor har hver dag en ny overraskelse.

Kjære bestemor, et bevis på eksisterende ubetinget kjærlighet.

Etter flere år står jeg voksen hjemme og ser på bilde av kirken på en vegg. Det har jeg gjort flere ganger før, men jeg har nettopp forstått at det er en kirke i bestemors-bygda. Det er søndag. Telefon ringer. «Ja, onkel Miroslav?» spør jeg. Svaret sluttet et stort kapittel av hennes og mitt liv. Bestemor Alžbeta (Elisabeth) døde i kirken.

Jeg har flyttet til Norge fra Slovakia. Nå bor jeg på Bryne. Bestemors bryllupsbilde står på nattbordet mitt. Hun smiler, jeg smiler - og gråter av og til. Jeg har lyst å få den store delen av velduftende kjærlighet igjen. Besteforeldre er en skatt. Kos deg om du har dem.

Det er tidlig morgen.... Jeg åpner en skuffe. Plutselig holder jeg den legendariske bestemorskniven. Ja, vi har en skatt, mitt minne her på Bryne.



Pilegrimsvandring – underveis – på vei mot et mål

Søndag 12. juni Egersund – Ogna

Bli med på vandring langs den første etappen av Kystpilegrimsleia søndag 12. juni! Turen går for det meste langs den gamle Jærbanen og langs Vestlandske hovedvei. Dagen starter med Ord til pilegrimen ved nøkkelstedet Egersund kirke og avsluttes med gudstjeneste i Ogna kyrkje. Det går an å bli med på bare deler av turen (Egersund – Hellvik eller Hellvik – Ogna). Det blir tid for både fellesskap og refleksjon, og flere stopp underveis med sanger og tekstsinging, samt to kortere etapper med stillhet, i tillegg til matpauser.

Påmelding er ikke nødvendig, men ta med mat og drikke, og tilpass klær etter vær og vind. Deler av løypa går gjennom litt terrenget (fra Lunhulen på Hellvik til Spjødåna ved Den Vestlandske hovedvei), så sko som tåler litt gjørme er en fordel. Arrangementet er et samarbeid mellom Egersund menighet og Jæren prosti. Sett av dato, og bli med!



Viktige tidspunkter:

Søndag 12. juni 2022

Ankomst tog Egersund	10.05
Ord til pilegrimen utenfor Egersund kirke	10.30
Avgang Egersund kirke	10.45
avgang Eie	11.05
Ankomst Maurholen stasjon	12.45
avgang	13.15
Hellvik Stasjon	13.50
Kort kveldsgudstjeneste i Ogna kyrkje	17.45
slutt senest	18.20
Tog til Stavanger	18.33
Tog til Egersund	18.50

KONFIRMASJON

Like sikkert som teppe av kvitveis lyser opp i naturen, er jenter og gutter i kvite kapper fast våreteikn i kyrkjene. I fine april- og maihelger har også slekt og vener vore svært synlege i kyrkjebenkene. Bunadar frå mange landsdeler fortel at konfirmasjon er ein stor dag. Det er fest i kyrkja og fest i heimen.

TEKST: ELSE-MARIE BUE

I år fekk eg sjølv feira konfirmasjon i familien. Mens me venta på at konfirmantane skulle koma inn, gjekk tankanevida. Slik var det sikkert for mange. Kvar generasjon ber sine minne om eigen konfirmasjon. Frå min konfirmasjonsdag, ein haustsøndag, hugsar eg at jenter og gutter stod på kvar si side langs midtgangen. Presten gjekk mellom radene og stilte oss spørsmål frå lerdomen me hadde fått i undervisnings-perioden. Overhøyring! Denne seansen var krevjande, men lite dramatisk i høve til kva det var i hundreåra bakover. Etterpå knelte me alle ved altarringen, og kvar enkelt blei velsigna. Så var det fest i heimen. I dag kan me undrast og beundra korleis foreldra våre organiserte og fiksa. Det var gjerne helst mor. Festmåltid og kaker vart til på eige kjøkken, utan fryseboks og kjøleskap som inventar. Og alle i heimen skulle kles opp. Konfirmanten også. Kvite kapper vart først vanleg frå 1950, 1960-talet.

I dag kjem konfirmantane inn i prosesjon saman med kateket og prest. Det er ikkje bare vakkert, mest alvor og høgtid. Ikkje minst når dei ein etter ein går fram, kneler og vert bedt for.

I familien der eg var gjest, minna farfaren om at konfirmasjonen vart lovfesta, -- innført i Norge i 1736. Ingen vart konfirmerte utan dei hadde lært om kristendomen, lært frå Bibelen. Undervisninga skjedde i prestegarden. Presten underviste. Alle måtte vera konfirmerte innan dei var 19 år for å fylla sine vanlege borgarplikter. Slik vart det klart at leseopplæring måtte på plass. Dermed blir skulegang for alle lovfesta i Norge år 1739, med kristendom og lesing som faste fag. Rekning og skriving vart obligatorisk mange år seinare, 1827. Undervisninga måtte gå seg til praktisk over tid. Lærarar nok og skulehus var ikkje på plass. Læraren vandra frå bygd til bygd og samla borna i private hus for ein periode, for så å gå vidare.

Omgangsskulen var vanleg heilt til Fastskulalova kom år 1860. Då vart kommunane pålagde å etablere permanente skular.

Ordet konfirmasjon har me fått frå latin, "confirmare", som betyr å styrkja eller å bekreftha, "to confirm", -firm på engelsk og "confirmer" på fransk. Konfirmanten skulle bekrefha dåpen ved konfirmasjonen. Frå 1981 har konfirmasjonen i Den norske kyrkja vore rekna som ei rein forbønshandling. Det er Gud som bekreftar løfta konfirmanten fekk i dåpen.

Norsk allmueskule

Konfirmasjonsforordninga førte altså til innføringa av skule for alle i Norge. Dette skulle få langt større politiske og sosiale konsekvensar enn nokon kunne tenkt då ordninga vart gjennomført. Den vart grunnlaget for samfunnsutviklinga steg for steg i landet vårt på alle plan. Norge, fedrelandet, bygdest på fast grunn. Årstala 1736 og 1739 er vel verde å hugsa.

Gullkonfirmantar

I avisene dukkar det av og til opp bilet av gullkonfirmantar. 50 år etter konfirmasjonen kjem folk, som nærmar seg pensjonsalder, til staden der dei trødde sine barneskole. Dei samlast til gudsteneste i kyrkja der dei feira sin konfirmasjon. Så vert det også tid til sosialt lag, til å mimra og minnast barne- og ungdomsåra slik det var før i tida.

Kva skjer i bispedømmerådet – ein liten statusrapport

Arbeid i Bispedømmerådet, BDR, er både rutineprega og har mange saker det er givande å jobbe med. Ein gjenganger er tilsettingar, men det blir aldri rutine. Det er like spennande kvar gong å gå gjennom søknader og gjere så god jobb som mogeleg i val av prest til ein kyrkjelyd.



Strategiarbeid er ei av sakene vi i BDR har vore med å utarbeide i Kyrkjemøtet. No er dette arbeidet på veg til kyrkjelydane, som skal gjere dette til sitt strategiarbeid og si satsing i sin kyrkjelyd.

Vi får mange høyringer på bordet, og frivillighet har vore ei spennande sak å jobbe med. For kva er arbeidet i kyrkjelydane utan dei frivillige? Her har vi fått utarbeidd godt, nytt materiale som snart er på veg ut til støtte og hjelp for kyrkjelydane.

Og akkurat no er kyrjelege organisering den store saka vi har arbeidd med og skal arbeide med utover, både i BDR og saman med andre råd og utval. Det er mitt håp og mi bøn at vi må få ei organisering av kyrkja som fungerer godt på alle nivå, og som tener kyrkja, medarbeidarar og frivillige godt.

Mvh Liv Heidrun Heskestad
Leiar Stavanger bispedømmeråd



Kyrkjebakken blir som ny Godt for bier, born og by

TEKST OG BILETE : LIV HELENE HÅLAND

Bryne kyrkjelyd har vore grøn kyrkjelyd sidan hausten 2009

Dette året har noko av satsinga vore biologisk mangfald utandørs Utvalet for grøn kyrkjelyd - Rolf Heskestad, Hilde Hanevik, Heidi Strand Harboe, Stein Ødegård og Gunnar Bjorland Stone - har hatt det overordna ansvaret for dette.


Denne våren har dei mellom anna satsa på blomstereng og treplanting nedanfor og vest for kyrkja, på eit om lag 2 mål stort område. Helgedagen fekk vera til stades på deler av arbeidsøkta ein av dei siste dagane i mars - i kald vind og få varmegrader. Dette var andre arbeidsdag på dette prosjektet.

Rolf Heskestad leiar gruppa, og med seg har han Oddmund Line Hognestad, Jarle Braut og Alois Strassegger. Alle fire er nå pensjonistar, med ulik bakgrunn. Oddmund og Jarle har vore bønder, Alois er sivilagronom av utdanning, har arbeidd i Steinerskulen, og Rolf har vore i utviklingsavdelinga for ost ved

TINE, noko som også har ført til dømming av ost i tevlingar i inn- og utland. Felles for alle er at dei ønskjer å hjelpe til med å få eit større biologisk mangfald i nærmiljøet.

Første dagen dei var samla, gjekk dei til åtak på mosen. Han måtte bort før dei kunne så blomsterfrø. Elles ville frøa ikkje få kontakt med jord. Masse mose vart fjerna den dagen!

Andre samling, då òg Helgedagen fekk vera med og sjå, var det tid for sång av blomsterfrø. Oddmund hadde



samla frø etter slått av gammal eng rundt husmannspllassen Træet på Line. Der slår dei på gamlemåten i juli / august, og tørkar graset. Frø av dette høyet inneholder mellom anna smalkjempe, fuglevikke, sveve, tiriltunge, kløver, gulaks og raudsvingel, og det skal nå i jorda her på Bryne. Alois og Jarle hadde fått tak i småplanter av jonsokkoll, prestekrage og kusymre, som fekk sine plassar i den komande blomsterenga. Jarle hadde òg nyleg vore med på Bryne Vel si planting av frukttrær i Sandtangen, så han høyrer til dei ivrige dugnadsarbeidarane rundt oss.

Barnehagen i kyrkja fekk vera med og så blomsterfrø. Stor stas! Dei fekk god instruksjon av Oddmund, og gjekk til arbeidet med liv og lyst. Blir nok



spennande for dei å sjå om det snart spirer blomster!

Men - å laga blomstereng tek tid, så resultatet kjem ikkje

første året! Men nå er arbeidet i gang! Her skal det bli blomster og tre i staden for "plen-ørken", til glede for folk i Brynebyen - og for insekt som sommarfuglar og bier. Biologisk mangfold er nøkkelord. I staden for plenklipping titt og ofte, skal det nå bli slått med gammaldags slåmaskin ein gong på slutten av sommaren. Time kommune skal jamleg slå nokre



Arbeidsgjengen, frå v.: Jarle Braut, Alois Strassegger, Rolf Heskestad og Oddmund Line Hognestad



Born frå barnehagen i Brynekyrkja får læra korleis dei skal så frø

striper mot vest for å halda ein slitsam skvallerkål i sjakk.

På siste arbeidssamlinga vart det planta tre: Eiketre, og felt med hassel, slåpetorn og svarthyll.

Når alt dette arbeidet får nokre år på seg, blir det spennande å sjå resultatet og følgja med på utviklinga.



Her sår dei!



Kan me få meir frø?



Jarle og Oddmund planter eit eiketre
Foto: Rolf Heskestad

GRØN DAG PÅ UNDHEIM 2022

TEKST OG FOTO: SYNNØVE HATLE

Etter fredag med sårt tiltrengt regn, kom laurdagen med sol og vind. Det vart «godt og tenleg ver!» Det var andre gong «Grøn dag» på Undheim vart arrangert. Foreningsmedlemmar i Shalom har sådd og planta i månader. Laurdag morgen stod eit rikt utval av planter fint oppstilte langs kyrkjeveggen og inne i gangen - i ly for vinden.

På uteplassen ved elva blei det steikt lappar og varma suppe. Du kunne få kjøpa både grøn suppe med brennesle og oransje med gulrot. Bakverk til kaffien var det heller ikkje vanskeleg å få tak i. Dei som ville, kunne så solsikkefrø i eiga potte. Bordet inne i kyrkestova var fullt av gilde gevinstar du kunne vinne på lynloadd. Ivrige loddseljarar sørga for at dei flotte böttene med lodd vart tomme. Nytt av året - lynlotteri og eiga facebook-side. Somme hadde kledd seg med tanke på vinden og oppheld seg mest ute i sola, men mange tok turen innomhus både for å varma seg og for å nytta suppa og kaffien. Fleire av dei som er med i NMS kvinneforeiningane



i Time, både dei frå Undheim, Lye og Bryne, pluss mannsforeininga til NMS var med og hjelpte til med alt som er nødvendig for å avvikle eit slik flott arrangement. I fjar vart alle som kom registrerte, då visste me kor mange som hadde vore innom. Kor mange som var innom i år, veit me ikkje, men det var i alle fall god stemning. Mastergradstudentane frå Madagaskar som går på misjonsskulen i Stavanger, bidrog med song, først ute, seinare inne. Slik vart me sterkt og tydeleg minna på at «Grøn dag» på Undheim er ein del av arbeidet til den verdensvide kyrkja. Planter, mat og handarbeid fekk nye eigalarar. Folk kosa seg ute og inne, og vippsa villig slik at det vart samla inn pengar me veit kjem svært godt med i ei utfordrande tid for NMS sine samarbeidskyrkjer. Grøn dag samla inn 58470,-





Nr. 6-7-8 | Juni-Juli-August | 4. årg.

Helgedagen - for 50 år sidan

Frå kyrkje og bygd:

Det er mange som kjem hit til Time-kyrkja nå om dagane og let rosande ord falle om kor fint og velstellt her er. Det er noko av eit sersyn, er det fleire som har sagt. Det er både den nye steinlegginga og blomane utanfor som gjer seg så godt. Me er glade for det arbeidet som her er gjort. Men lat dette også vera ein takk og ei oppmuntring til dei som strevar der kvar dag sommaren gjennom for å halda det ved like. Det gjer seg ikkje sjølv. Me skulle nok sjå kor snart det ville forfalla om me ikkje hadde pliktoppfyllande folk på plassen.

DET NYE ORGLET

har me fått høve til å hoyra også utanom dei vanlege gudstenestene. Onsdag den 28. juni hadde tide-

PROF. CARL FR. WISLOFF

har møte i Time kyrkje laurdag 9. september kl. 19.30. Der vert ofring til Menighetsfakultetet.

SOKNEPREST BJELLAND

har ferie frå 25. juli til 18. august. Kallskap. Gudvangen vert vikar. Resten av ferien vert først i september.

 **Strømmestiftelsen**
BEKJEMPER FATTIGDOM


Gi til NMS – få skattefradrag!
Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no



Kyrkjemiddag – for store og små

Datoar hausten 2022:

Fredag 9. september og fredag 4. november kl. 17:00-19:00 i Brynekirken.

Tacomiddag for heile familien
Samling og aktivitetar for barna
Kaffipause for dei vaksne

Her får me koma til dekka bord,
middagen slepp me å laga sjølve.
Aktivitetar og andakt for ungane,
samtidig med kaffi og drøs for foreldra.

Spesielt tilrettelagt for barnefamiliar,
alle er velkomne.

Håpar mange vil koma, hugs
påmelding på www.brynekirkja.pameldinger.no

Velkommen, helsing Brynekirka



STEVNEMØTE MED SALMEBOKA


TEKST: ELSE MARIE BUE

NOS NR. 424

Salma "Eg har ei teneste stor frå Gud" skreiv Matias Orheim i 1908. Han sleit med synet heilt frå unge år, og vart etterkvart heilt blind. I 1907 reiste han til Kristiania for å få hjelp av ein professor. Songane hans var alt då kjende overalt i landet. Det året han vart verande i Oslo, gjekk han til møta i Calmeyersgata misjonshus. Der vart han fort brukt som songar på møta.

Heime på garden sleit dei med økonomien, og så kom det brev frå faren. Han måtte ta seg arbeid på Bergensbanen for å få endane til å møtast. Matias måtte koma heim og hjelpe besteforeldra med gardsdrifta.

Vidare skriv Vidar Kristensen i STEVNEMØTE MED SALMEBOKA: Orheim skal ha skrevet sangen "Eg har ei teneste stor for Gud, frå dag til dag i det stille", til besteforeldra Kjerstina og Rasmus Øygarden på Moltustranda på Sunnmøre i 1908, mens han jobbet på gården hos dem. For ham var alle yrker like viktige og like hellige, enten det var forkynnervirksomhet, gårdsdrift eller anleggssarbeid på jernbanen.



Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013.

Bøneboka – frå nr. 202

ARBEID I GUDS RIKE


**Kjære Gud, når eg bed,
Lat min tanke kvile i fred,**


Herre Jesus, vi takkar deg for at vi får vere i din teneste. Lei oss ved din Heilage Ande, slik at det vi tenkjer, seier og gjer, blir til velsigning for kyrkjelyden vår.

Kyrkjerådets arbeidsgruppe for Bønebok (2002)

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

BABYSONG

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Me startar opp nye grupper i august/september.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, om lag annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekirka har me babysong-

kurs som går over 8 gonger. Me møtest torsdagar kl. 10.15 i kyrkjesalen.

Me har påmelding til babysong alle stader: påmelding kjem.

KOR KICK-OFF 1. SEPTEMBER MED BESØK AV JARLE WALDEMAR

Me har fleire kjekke barnekor i kyrkjelydane våre. Som ein del av trusopplæringa inviterer me alle 5-åringar til eit felles kor kick-off i Bryne kyrkje. Me får besök av Jarle Waldemar denne kvelden. Kora som blir med er Jungelkoret i Brynekirka, Lye barnegospel på Lye forsamlingshus og Supermix i Undheim kyrkje. Me har plass til fleire songarar og håpar mange har lyst til å prøve ut kora våre. Invitasjonar vert sende ut til

5-åringane i Undheim, Time og Bryne etter sommarferien. Andre aldersgrupper er også velkomne!

KRØLLEKVELD

Me arrangerer «Krøllekveld» for treåringane i kyrkjelydane våre. Då er me samla ein liten time i kyrkja, der me har ei kjekk samling med song og forteljing. Me hører om sauene som forsvann og om den gode hyrdingen som leitar etter sauene sin, og barna får sjølv lov til å vere hyrdingar som er på leit etter sauene. Alle får med seg heim ei bok som heiter «Kvar er Krølle?». Me oppmodar særleg fadrar til å vere med på denne samlinga.

Velkommen til ei koseleg stund i kyrkja!

Invitasjonar vert sende ut.



HAUSTTAKKEFEST PÅ UNDHEIM

2-åringane på Undheim vert inviterte til hausttakkefesten på gudsteneste i Undheim kyrkje søndag 18. september kl 10.30. Dei vil få utdelt ein pose med våre heilt ferske songkort. Song-korta er laga av oss kyrkjelydsedagogar, Tone og Ragnhild, der me har brukt alle dei nye og fine bileta me har fått. Det er ei samling med 20 kjekke og gode barnesongar som me håper kan inspirere til å bruke



med ungane heime. Song-korta har òg eigen QR-kode med lydfil som hører til kvar song. Invitasjonar vert sende ut.

4 ÅRS KLUBB OG UTDELING AV BARNEBIBEL I BRYNE

I Brynekirka blir det i haust ein ny runde med 4 årsklubb for alle som vert 4 år etter sommaren. Dei som fyller 4 år i frå juli-desember, vil få invitasjon i posten (Dei som fylte frå januar-juli fekk tilsvarende invitasjon til ei gudsteneste i mai). 4 årsklubb er to samlingar med song, bibelhistorie, formingsaktivitet og litt kos. Det vert utdeling av 4 års-bibel i familiefokusgudstenesta sundagen i etterkant av 4 årsklubb - 25. september.

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt: UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekirka. Frå 1. vgs. er dei også velkomne til PULS. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre.

Helsing frå kyrkjelydsedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre.

Dette vert borna inviterte til:

- 0 år** Dåp og dåpssamtale
- 0-1 år** Babysong
- 1 år** Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
- 2 år** Hausttakkefest med utdeling songkort, berre på Undheim
- 2 år** Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av songkort
- 3 år** Krøllekveld
- 4 år** 4 års klubb og utdeling av Barnebibel
- 5 år** Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
- 5 år** Barnas påske og Orgelknappen
- 5 år** Adventsklubb
- 1-6 år** Barnemesse, felles i Bryne kyrkje
Barnefamiliar – Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje



Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Følg oss gjerne på:



SKAPARVERKET

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD.

SVARTHYLL

Mange kjenner svarthyllen og veit å glede seg over den. Dette småvaksne treet som på forsommaren kjem med dei flotte krengule blomane, er verkeleg eit syn! Er hausten god, byr treet på hengjande klasar av svarte, glinsande bær som inneheld vitaminar i rikt mon.

Svarthyll er ein gammal kulturplante som eigentleg ikkje høyrer heime i Noreg. Han kom truleg hit ein gong i tidleg middelalder. Det var nok fleire grunnar til at svarthyllen fekk merksemld også her hjå oss. Få planter har spela ei så viktig rolle innan medisin som svarthyllen.

Blomane har ei svært karakteristisk lukt. Det er i dag populært å laga drikke av desse blomane. Den særeigne smaken veit mange å setja pris på. Færre er det som veit at blomane er nytta som middel mot influensa, betente mandlar og halskatarr. Mest alle deler av treet har blitt nytta i medisinsk samanheng:




blomane, bæra, blada og barken. Svarhyll er med andre ord næraast å rekna som eit eige medisinsk apotek. I gamal tid meinte ein at dette treet var heilagt og ga vern for familien. Tidlegare fann ein svarhyll i dei fleste gardstun. Kjem ein over svarhyll i utmarka, så syner det seg ofte at ein er komen til ein stad der det har budd folk i gamal tid.


HelgeKryssord 2/22

- Vassrett**
- God bodskap til oss
Sjå Joh. kap 1
 - Jesu tale til folket
 - Ikkje
 - Plutseleg
 - Makte
 - Svimle
 - Kvinnenamn
 - Pronomen
 - Stamfar (GT)
 - Båtripe
 - Viser
 - Har inntekt
 - Ikkje vi
 - Bibelsk kvinne
 - Tone
 - By i Italia
 - Fager
 - Type ost
 - Likt begge vegar
 - Stad i Rogaland

- Loddrett**
- Dei to første
 - Smelte saman ulike metall
 - Duskgren
 - Topp karakter(gml)
 - Musikkplate
 - Tok snøgt
 - Utsyn
 - Inkluderande arbeidsliv
 - Talet i ein brøk
 - Terge
 - Iderike
 - Arveretten
 - Fiskereiskap
 - Røynd
 - Bibelsk by
 - Åsside
 - Omgjengeleg
 - Spire
 - Mørkna (omv.)
 - Ry
 - La bli att
 - Fager
 - Likt begge vegar
 - Ujamn
 - Kiste
 - Slette
 - Svensk nekting



Løysing Helge-kryssord - 2/22



EIENDOMSMEGLER KROGSVEEN JÆREN

Vurderer du å selge bolig?

Våre dyktige og lokalkjente meglere gir deg rådene du trenger for et raskt og lønnsomt salg. Vi kartlegger alle boligsøkere i markedet systematisk, og vet hvem som jakter på din type bolig. Det gjør det enklere å få flere folk på visning, flere budgivere og oppnå bedre pris. **Vurderer du å flytte?** Snakk med oss og finn ut hvor mange potensielle kjøpere vi har til din bolig akkurat nå.

Krogsveen Jæren Tlf: 51 97 19 74



Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegenstandar, hagerekiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

frå 4.juli til 6.august er butikken open:

måndag-fredag 12.00-16.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har sluttat med møbler.
Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt
tysdag-laurdag 10.00-15.00

TURBINGO

Takk til Stavanger turistforening som har gitt oss lov til å bruke deira turbingo.

Tips: Klipp den ut. laminer og bruk tusj du kan vaska bort. God tur!



TURBOS TURBINGO




RØD BLOMST	MAUR	FLASKEKORK	BARNÅL	SOPP	KONGLE
SKY (som ligner på noe)	BÆR	BENK	BRUKTTYGGIS	HUND	STEIN
FUGL	GUL BLOMST	FJÆR	RØDT	FJELLOPP	TRE
BRO	PINNE (som ligger på bakken)	VANN	HVIT BLOMST	BLÅ JAKKE	MARIHØNE
VEPS ELLER BIE	MEITEMARK	HYTTE	KU	HUNDEBÆSI	DNT-SKILT
SØPPELKASSE	EDDERKOPP	SJOKOLADE- PAPIR	SYKKEL	VARDE	GRØNT BLAD



BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



– Klarar du å
teikne ein rett strek
med ein linjal?
– Sjølv sagt!
– Godt gjort! Eg
klarar det ikkje
utan blyant.

Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.
– Å nei, eg har blitt
eit speilegg!

– Pass deg
for trappa!
– Kva for ei
trapp-app-app-
app ...

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to biletene er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Time kyrkje sitt misjonsengasjement i Nepal

Time kyrkje har sidan 2017 hatt avtale om å støtte økonomisk og be for Okhaldhunga sjukehus i Nepal. Sjukehuset ligg 8 mil frå Mount Everest, og er det einaste sjukehuset i eit område kor det bur over 250.000 menneske.

Normisjon er ein viktig støttespelar til sjukehuset, og Liv Wendel er Normisjon sin utsending i Okhaldhunga. Ho er jordmor og underviser ved sjukepleiarskolen. I tillegg rettleier ho studentane i deira praksis på fødeavdelinga. Ho følger òg opp Mødrehjemmet, der mødrene kjem langveisfrå for å få ein trygg fødsel på sjukehuset.

Sjukehuset har over 1200 fødslar i året. For at foreldre skal ta med sine sjuke jenter og ikkje berre gutter til sjukehuset, har ein gjort behandling av alle barn under 12 kg gratis. Sjukehuset ser at det har vore livsviktig at flest mogleg føder på sjukehuset. Dette er difor òg blitt gratis. Sjukehuset har blitt eit senter i Aust-Nepal for

resistent tuberkulose.

Sjukehuset er godkjent for 50 sengeplassar, og dei jobbar no med å få sjukehuset til å bli godkjent for 100 sengeplassar. Sengene er der, men krava for å få denne godkjenninga er mange. Når godkjenninga er på plass, er neste steg utbygging av sjukepleiarskulen, som i dag held til i mellombelse lokale.

Den lokale kyrkja involverer seg i sjukehuset. På Langfredag stilte kyrkjelyden opp for å gi blod. Dette er ein tradisjon for dei. Denne dagen ga Jesus sitt blod for oss. Difor vil desse gje sitt blod til helse og liv for pasientane.

Me takkar for støtta Okhaldhunga får i form av bøn og pengar!

Vil du gi direkte til Normisjon sitt arbeid i Nepal?
Vipps til #60471 og skriv «Liv og helse» under kommentar.



VELKOMMEN TIL SONGKVELD OG KOR KICK-OFF MED JARLE WALDEMAR



Torsdag 1. sept. kl. 17:30
Bryne kyrkje

- Jarle Waldemar kjem på besøk
- Jungelkoret, Lye Tweens og Supermix.
- Det blir song, sprell og moro.
- Pizzafest

Alle er velkommen!

KONSERT
MED SVEINUNG HØLMEBAKK
OG JÆRKLANG

24. september

Hølmebakk er ein landskjend songar, og Jærklang gler seg til å ha konsert i lag med han. Vi håpar mange vil ta turen til Bryne kyrkje den kvelden.



TORSDAGSTREFF
i Bryne kyrkje

torsdag 15. september,
torsdag 20. oktober og
torsdag 17. november
kl. 14.30

Det blir kåseri, matøkt,
songstund og andakt.


Håper mange vil finna vegen til
Bryne kyrkje desse datoane

SØMMAKVELD
med JÆRKLANG

PROGRAM

- * Korsong og allsong
- * Kjell Børge Tjemsland kåserer:
« Misjon i Hongkong - ja
men - i Carlisle? »
- * Kollekt til NMS Madagaskar
- * Matøkt

**VELKOMMEN
FRÅ BYGD OG BY!**

Fredagskveld på Kyrkjetoget
Time kyrkje

17.juni kl. 20-22
Kveldens gjest Ingrid
Vinningland
Songgruppa Shalom

2.sept. kl. 20-22
Kveldens gjest Else -Marie Bue

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er
samlingar med tid til drøs, uformelt
program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat
kvar som me set på fellesbordet.
Komiteen ordner kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

Fredagskveld på Kyrkjetoget, skal me fortsetja?

Dette spørsmålet ga me til tre av dei frammøtte fredag den 1.april.
Det vart eit samstemt svar: JA!

Frå alle tre damene: Målfrid Lunde Norheim, Ingrid Eikeland og
Norveig Karin Hinnaland.

«Fint å koma til ei uformell samling, med mykje tid til å drøsa, eta
saman, verta kjende med dagens gjest. I staden for å sitja heime kvar for
oss, kan me vera saman på ein fredagskveld. Passteg tid. Kl.20-22. Og
når alle tek med litt mat kvar, vert det alltid noko spanande å eta.
Dette vil me gjerne vera med på fleire gonger.»



SAMLINGSFEST I UNDHEIM KYRKJE

for NMS-foreningane og andre misjonsvener

fredag 9. september kl. 19.00.

Tale av tidlegare sokneprest
Gautे Øgreid Rasmussen.

Songgruppa Shalom.
Matpause, helsingar
og misjonsoffer.

Velkomne!



Søndagsskulen i Time kyrkje

28. august kl . 11.00

25. september kl . 11.00

23. oktober kl . 11.00

20. november kl . 11.00

18. desember kl . 11.00

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Torkel Maulands veg

Torkell Mauland (1848-1923) har fått sin veg frå Geidahodnet og ned til 1900-huset, midt i det gamle skulesenteret på Bryne. Betre stad kunne ikkje finnast for læraren og folkeopplysningsmannen frå Mauland. Som barn var han svært skuleflink, og alt som 15-åring vart han lærar i heimbygda. Ein av elevane var den tre år yngre Arne Garborg. Dei to vart vener, kjempa for dei same sakene og inspirerte kvarandre livet ut.


Ved sida av læraryrket brukte Torkell Mauland mykje tid og krefter på bygde- og kulturhistorie. Etter 50 år i skulen vart han statsstipendiat og kunne driva folkeminnegransking på heiltid. I 1912 flytte han til Asker, i grannelaget til Hulda og Arne Garborg.

Torkell Mauland var også svært oppteken av målsaka, og tok initiativet til Jadabulaget, det første mållaget i Time, i 1869. Ved 1900-huset står det ein byste av Mauland. Der er førenamnet hans stava med to l-ar, som er det vanlegaste, medan gateskiltet har ein l. Om dette er gjennomtenkt eller berre ein feil, skal vera usagt.



Bilete: Arne Garborg og Torkel Mauland
Fotograf: Karl Korneliussen Kleppe.
Frå Norsk Allkunnebok Nynorsk Kultursentrum


Torkel Maulands veg



DØYPTE

BRYNE KYRKJE


13.03.2022:
Mariell Fossan,
Esey Frezghi Gebretnsae,
Emil Aanestad Grude
27.03.2022:
Liv Erichsen Øverland,
Oda Winther Ugland
10.04.2022:
Eira Martinsen
01.05.2022:
Karolina Magdalena Dalbak,
Synne Fatland Nesvik



VIGDE

TIME KYRKJE

02.04.2022: Arna Teigen og Jon Risdal
09.04.2022: Thea Grødeland og
Vegard Flatebø



DØDE

Kari Egeland
Solveig Auglend
Johannes Thu
Halldis Hognestad
Arthur Løvik
Inge Nicolay Larsen

KROGEDAL
begravelsesbyrå

51 97 29 00
DØGNVAKT



VI HAR OGSA
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

Sorgstøtte-grupper

Det finst tilbod om å delta i støtte-grupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit.hetland@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim:
praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på
tlf. 51 77 03 77

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

jærTannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	Jæren GulvAS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	REIME Varme & vannsve varmepumper og spa www.reimeos.no - Tlf: 51 73 14 22
EiendomsMegler 1	eK Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	VB Bryne Rør
TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	BERGENE MASKIN	SPAREBANKEN SØR
nye JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris	Renovasjons-service as container utleie Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	PB PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00
PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	REMA 1000 Håland 7-23(8-21)	Bøgh Hafsoe a/s TOYOTA Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no
Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it	WACO Forsikringsmegling as	haver__ Haver Advokatfirma AS Hetlandsgrt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
EL-TEAM Elektroentrepreneur Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	Byggelaget	

aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no	DEN NORSKE KYRKJA																															
<p>GUDSTENESTER I JUNI/JULI</p> <table> <tbody> <tr> <td>Sundag 5. juni Time kyrkje Bryne kyrkje</td> <td>Pinsedag 11.00 Høgtidsgudsteneste. 11.00 Høgtidsgudsteneste.</td> <td>Joh. 14, 23 – 29 Gullkonfirmantjubileum Nattverd. Jungelgjeng</td> </tr> <tr> <td>Sundag 6. juni Undheim kyrkje Bryne kyrkje/ Krosshaug</td> <td>2. pinsedag 10.30 Høgtidsgudsteneste. 11.00 Friluftsgudsteneste</td> <td>Joh. 7, 37 – 39 Dåp</td> </tr> <tr> <td>Sundag 12. juni Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje / Brekko sportskapell</td> <td>Treeiningssdag 10.30 Gudsteneste. 10.30 Gudsteneste. 11.00 Gudsteneste for store og små.</td> <td>Luk. 24, 45 – 48 Nattverd. Sundagsskule Nattverd</td> </tr> <tr> <td>Sundag 19. juni Time kyrkje Bryne kyrkje</td> <td>2. s i t 11.00 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste</td> <td>Nattverd</td> </tr> <tr> <td>Sundag 26. juni Lye forsamlingshus Bryne kyrkje Undheim kyrkje</td> <td>3. s i t 10.30 Gudsteneste 10.30 Gudsteneste</td> <td>Joh 3, 1 – 13 Nattverd Dåp. Sundagsskule</td> </tr> <tr> <td>Sundag 3. juli Time kyrkje</td> <td>4. s i t 10.30 Gudsteneste.</td> <td>Mark 10, 13 – 16 Sundagsskule Dåp. Nattverd</td> </tr> <tr> <td>Sundag 10. juli Bryne kyrkje</td> <td>5. s i t 10.30 Gudsteneste</td> <td>Matt 9, 35 – 38 Dåp</td> </tr> <tr> <td>Sundag 17. juli Time kyrkje</td> <td>Aposteldagen 10.30 Gudsteneste</td> <td>Mark 3, 13 – 19 Dåp. Nattverd</td> </tr> <tr> <td>Sundag 24. juli Bryne kyrkje</td> <td>7. s i t 10.30 Gudsteneste</td> <td>Mark 3, 13 – 19 Nattverd</td> </tr> <tr> <td>Sundag 31. juli Undheim kyrkje</td> <td>Olsok 10.30 Gudsteneste</td> <td>Mark 5, 25 – 34 Dåp. Nattverd</td> </tr> <tr> <td>Skyss til gudstenesta BRYNE KYRKJE: Sverre M. Lima 951 25 002 Jonas Frøyland 41 30 04 68 Ring før kl 10.00</td> <td>Mark 12, 28 – 34 Dåp. Nattverd</td> </tr> </tbody> </table>	Sundag 5. juni Time kyrkje Bryne kyrkje	Pinsedag 11.00 Høgtidsgudsteneste. 11.00 Høgtidsgudsteneste.	Joh. 14, 23 – 29 Gullkonfirmantjubileum Nattverd. Jungelgjeng	Sundag 6. juni Undheim kyrkje Bryne kyrkje/ Krosshaug	2. pinsedag 10.30 Høgtidsgudsteneste. 11.00 Friluftsgudsteneste	Joh. 7, 37 – 39 Dåp	Sundag 12. juni Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje / Brekko sportskapell	Treeiningssdag 10.30 Gudsteneste. 10.30 Gudsteneste. 11.00 Gudsteneste for store og små.	Luk. 24, 45 – 48 Nattverd. Sundagsskule Nattverd	Sundag 19. juni Time kyrkje Bryne kyrkje	2. s i t 11.00 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste	Nattverd	Sundag 26. juni Lye forsamlingshus Bryne kyrkje Undheim kyrkje	3. s i t 10.30 Gudsteneste 10.30 Gudsteneste	Joh 3, 1 – 13 Nattverd Dåp. Sundagsskule	Sundag 3. juli Time kyrkje	4. s i t 10.30 Gudsteneste.	Mark 10, 13 – 16 Sundagsskule Dåp. Nattverd	Sundag 10. juli Bryne kyrkje	5. s i t 10.30 Gudsteneste	Matt 9, 35 – 38 Dåp	Sundag 17. juli Time kyrkje	Aposteldagen 10.30 Gudsteneste	Mark 3, 13 – 19 Dåp. Nattverd	Sundag 24. juli Bryne kyrkje	7. s i t 10.30 Gudsteneste	Mark 3, 13 – 19 Nattverd	Sundag 31. juli Undheim kyrkje	Olsok 10.30 Gudsteneste	Mark 5, 25 – 34 Dåp. Nattverd	Skyss til gudstenesta BRYNE KYRKJE: Sverre M. Lima 951 25 002 Jonas Frøyland 41 30 04 68 Ring før kl 10.00	Mark 12, 28 – 34 Dåp. Nattverd
Sundag 5. juni Time kyrkje Bryne kyrkje	Pinsedag 11.00 Høgtidsgudsteneste. 11.00 Høgtidsgudsteneste.	Joh. 14, 23 – 29 Gullkonfirmantjubileum Nattverd. Jungelgjeng																														
Sundag 6. juni Undheim kyrkje Bryne kyrkje/ Krosshaug	2. pinsedag 10.30 Høgtidsgudsteneste. 11.00 Friluftsgudsteneste	Joh. 7, 37 – 39 Dåp																														
Sundag 12. juni Lye forsamlingshus Undheim kyrkje Bryne kyrkje / Brekko sportskapell	Treeiningssdag 10.30 Gudsteneste. 10.30 Gudsteneste. 11.00 Gudsteneste for store og små.	Luk. 24, 45 – 48 Nattverd. Sundagsskule Nattverd																														
Sundag 19. juni Time kyrkje Bryne kyrkje	2. s i t 11.00 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste	Nattverd																														
Sundag 26. juni Lye forsamlingshus Bryne kyrkje Undheim kyrkje	3. s i t 10.30 Gudsteneste 10.30 Gudsteneste	Joh 3, 1 – 13 Nattverd Dåp. Sundagsskule																														
Sundag 3. juli Time kyrkje	4. s i t 10.30 Gudsteneste.	Mark 10, 13 – 16 Sundagsskule Dåp. Nattverd																														
Sundag 10. juli Bryne kyrkje	5. s i t 10.30 Gudsteneste	Matt 9, 35 – 38 Dåp																														
Sundag 17. juli Time kyrkje	Aposteldagen 10.30 Gudsteneste	Mark 3, 13 – 19 Dåp. Nattverd																														
Sundag 24. juli Bryne kyrkje	7. s i t 10.30 Gudsteneste	Mark 3, 13 – 19 Nattverd																														
Sundag 31. juli Undheim kyrkje	Olsok 10.30 Gudsteneste	Mark 5, 25 – 34 Dåp. Nattverd																														
Skyss til gudstenesta BRYNE KYRKJE: Sverre M. Lima 951 25 002 Jonas Frøyland 41 30 04 68 Ring før kl 10.00	Mark 12, 28 – 34 Dåp. Nattverd																															

Velkommen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkommen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 951 25 002
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00

GUDSTENESTER I AUGUST/SEPTEMBER

Sundag 7. august 9. s i t			Luk 6, 36 – 42
Bryne kyrkje	10.30	Gudsteneste	Dåp. Nattverd
Sundag 14. august	10. s i t		Mark 11, 25 – 26
Time kyrkje	10.30	Gudsteneste	Dåp
Sundag 21. august	11. s i t		Joh 8, 31 – 36
Lye forsamlingshus	10.30	Gudsteneste	Nattverd. Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30	Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp. Jungelgjeng
Sundag 28. august	12. s i t		Joh 4, 27 – 30, 39 – 43
Time kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp. Sundagsskule. Konfirmantpresentasjon
Bryne kyrkje	11.00	Gudsteneste med familiefokus	Nattverd
Bryne kyrkje	19.00	Kveldsgudsteneste	Nattverd
Sundag 4. september	13. s i t		Joh 15, 13 – 17
Lye forsamlingshus	10.30	Gudsteneste	Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30	Gudsteneste	Dåp. Konfirmantpresentasjon
Bryne kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd. Jungelgjeng
Sundag 11. september	Vingardsdagen		Matt 19, 27 – 30
Time kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11.00	Gudsteneste for store og små	Dåp. Jungelgjeng
Laurdag 17. september			
Time kyrkje	15.15.	Dåpsgudsteneste	Dåp
Sundag 18. september	15. s i t		Joh 15, 9 – 12
Lye forsamlingshus	10.30	Gudsteneste	Nattverd. Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30	Gudsteneste for store og små	Dåp
Bryne kyrkje	11.00	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon. Jungelgjeng
Sundag 25. september	16. s i t		Matt 11, 16 – 19
Time kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11.00	Gudsteneste med familiefokus	4-årsbok
Bryne kyrkje	19.00	Kveldsgudsteneste	Nattverd